# Møtereferat

| 23.09.2019 | 1400-1600 | Formannskapssalen |
|---|---|---|
| Møte innkalla av | Stranda kommune v/næringssjef Inge Bjørdal | |
| Møtetype | Arbeidsmøte kombinert med faginnlegg | |
| Tilretteleggjar | Inge Bjørdal | |
| Referent | Inge Bjørdal | |
| Deltakarar | Deltakarar | |
| | • Even Engeset | ☒ |
| | • Andrea Kjellstad | ☒ |
| | • Anders Adolfsson | ☒ |
| | • Einar Arve Nordang | ☒ |
| | • Trond Arve Ansok | ☒ |
| | • Kjetil Helge Nordang | ☐ |
| | • Randi Ansok | ☒ |
| | • Jon Hjortdal | ☒ |
| | • Bjørnar Engeset | ☒ |
| | • Ove Skylstad | ☒ |
| | • Per Kristian Gjerde | ☒ |
| | • Bjørn Helge Vik | ☐ |
| | • Arve Mogstad | ☒ |
| | • André Skarbø | ☐ |
| | • Sven Amund Skotheim | ☐ |
| | **Kopi til orientering:** | |
| | • Åse Elin Hole | |
| | • Jan Ove Tryggestad | |
| | • Renate Henriksen-Sandvær | |

| Saklistetema 1: Kommentarar til referat frå siste møte (sjå nettside) | | |
|---|---|---|
| 1300-1305 | Inge Bjørdal /alle | |
| Diskusjon | Ingen kommentar/godkjent<br>- | |
| Gjeremål | Ansvarleg person | Tidsfrist |
| Gjeremål 1: -- | -- | -- |

| Sakslistetema 2 – Gjennomgang av innkome resultat frå spørjeundersøkinga | | |
|---|---|---|
| 1405-1420 | Spørjeundersøking til bedrifter m.m. | |
| Innhald | Samanfatning og drøfting av innkomne svar til no + innspel på kapittel om reiseliv. | |
| Gjeremål | Ansvarleg person | Tidsfrist |
| Presentasjon og drøfting<br><br>Kommentarar: | Skylstad | Til møtet |

# Møtereferat

| | | |
|---|---|---|
| I overkant av 30 svar har kome inn på spørjeundersøkinga til no, med overvekt frå reiselivet (10), deretter handel (6), mekanisk (3), entreprenør (3), næringsmiddel (3), andre (7).<br><br>Fiberutbygging og bustadbygging ser ut til å gå igjen som ønska tiltak/prioritering.<br><br>Ove peika på det vert viktig å utarbeide ein strategi for korleis vi skal handtere situasjonen med krav om nullutslepp på verdsarvfjorden (2026).<br><br>Kommuneplan, samfunnsdelen peikar på 6 strategiar for utvikling av reiselivet.<br><br>Ove gjorde greie for status m.o.t. arbeidet med etablering av Geiranger som berekraftig reisemål. Det er Innovasjon Norge som sertifiserer. Geiranger vart godkjent i juni 2018, men ein fekk ikkje lov å publisere dette ettersom det kom ekstra krav fordi Geiranger er ein snært viktig cruisedestinasjon. Ein forventar endeleg godkjenning vewd årsskiftet i 2020. I så fall vert Geiranger den første berekraftige cruisedestinasjonen i landet (Flom, Tromsø, Bergen arbeider mot det same målet).<br><br>Ove peika på 1.ste delmål i samfunnsplanen som er: «Vekst gjennom heile året i heile kommunen i samspel med natur, lokalsamfunn og næring». Han er samd i dette hovudmålet, og seier at det vert arbeidd med dette (t.d. Go Viking).<br><br>God infrastruktur (nett, WeFe) er særs viktig og her er det store manglar (på fjorden/ferja og på land). Med infrastruktur meiner han også t.d. el-forsyning.<br><br>Bompengar/fellsgodefinansiering bør diskuterast i SNP (jf. undersøking der 85% svarar at 5 euro ikkje er noko utfordring).<br><br>Ein bør også vurder Glacier Bay-modellen og ta i bruk anbodsprisipp for å styre cruisetrafikken i meir miljøvennleg retning. | | |

| Sakslistetema 3 – Gjennomgang av innspel om utfordringar for næringslivet | | |
|---|---|---|
| 1420-1440 | Utfordringar for næringslivet | |
| Innhald | Gjennomgang og drøfting av utkast | |
| Gjeremål | Ansvarleg person | Tidsfrist |
| Presentasjon og drøfting | Nordang | Til møtet |

# Møtereferat

| Sakslistetema 4 – Gjennomgang av innspel om vidaregåande opplæring (revidert utkast) | | |
|---|---|---|
| 1440-1500 | Vidaregåande opplæring | |
| Innhald | Gjennomgang og drøfting av revidert utkast | |
| Gjeremål | Ansvarleg person | Tidsfrist |
| Presentasjon og drøfting<br>Nordang kommenterte planen på side 23, og meiner Stranda bør ta i bruk ÅAKP-modellen (EDP – Disiplined Entrepreneurship) i sin kommunikasjon mot næringslivet ved oppstart av bedrifter og prosjekt.<br>På side 24 kommeterte Nordang slik:<br>*«Ein bør utarbeide eit regelverk  for å gi bedrifter som ønsker etablering/ekspansjon i kommuna ei hurtigbehandling av byggesaker, her bør kost nytte prinsippet brukast. Dette går rett på kor attraktiv kommuna er og framstår, og er merkevarebygging i praksis. Om Stranda Kommune ikkje har denne kapasiteten sjølv bør ein kunne skaffe den eksternt. Stranda Kommune bør fortsette det gode arbeidet med å ha tilgjengelige næringsareal.»* | | Til møtet |
| Gruppa gav klare signal på at ein bør diskutere og foreslå dette i SNP, men det må setjast klare kriterium for korleis prioriteringa i så fall skal gjerast. | Inge | Innarbeide i plan |

| Sakslistetema 5 – Gjennomgang av innspel om vidaregåande opplæring (revidert utkast) | | |
|---|---|---|
| 1440-1500 | Vidaregåande opplæring | |
| Innhald | Gjennomgang og drøfting av revidert utkast | |
| Gjeremål | Ansvarleg person | Tidsfrist |
| Presentasjon og drøfting<br><br>Hjortdal leverte utkast nr. 2 om det som skal inngå i kapitlet om Oppvekst og opplæring. Notatet er lagt lagt ut på heimesida.<br><br>Hjortdal meinte at opplegget for UE (Ungt Entreprenørskap) er eit svært velprøvd opplegg som bør brukast i opplæringa.<br>Han la vidare vekt på at SNP må beskrive kven som er ansvarleg for dei tiltaka vi gjer framlegg om. | Hjortdal | Til møtet |

# Møtereferat

<table>
<tr><th colspan="3">Sakslistetema 6 – Andre saker</th></tr>
<tr><td>14:20-14:45</td><td colspan="2">Gjennomgang av bidrag til SNP</td></tr>
<tr><td>Innhald</td><td colspan="2">Ev. innspel frå gruppa</td></tr>
<tr><td>Gjeremål</td><td>Ansvarleg person</td><td>Tidsfrist</td></tr>
<tr><td>Randi Ansok leverte bidrag like før møtet (vert lagt ut på heimesida som ver. 1) og ho får ansvar å samordne dette saman med Ove. Ho la vekt på at ein må sjå heile breidda i effektane frå reisleivsnæringa. Ho meinte at fritids- og hytteturistar betyr mykje i form av ringverknader.<br><br>Anders meinte berekraftprinsippa må gjelde heile kommunen og ikkje berre einskildnæringar (t.d. cruise).<br><br>Vi bestemte følgjande:<br>1. Prinsippet i SNP bør vere at vi viser til, men ikkje gjengir samfunnsplanen. I SNP skal hovudmåla i samfunnsplanen detaljerast, konkretiserast og kvart tiltak skal så langt råd er definere kven som er ansvarleg for gjennomføring<br>2. Prinsippet om at kommunen kan prioritere fram saker etter PBL som er av særs viktigheit for kommune/ lokalsamfunn skal fremjast bi planen. Men det må lagst heilt konkrete retningsliner for korleis slike prioriteringar vert gjorde.<br>3. Med omsyn til landbruk bør vi vise til Landbruksplanen, men nye utfordringar/utviklingstrekk bør skildrast også tiltak vi meiner skal til for å løyse dei. Verdsarvlandbruk («Sveits-modellen») kan vere eit døme.<br>4. Dersom vi skildrar utfordringar i einskildnæringar (jf. utkast 2) må fleire vere med: varehandel, entreprenørbransjen/bygg og anlegg<br>5. Ungdomsrepresentanten vil levere eit innspel til kva ho dvs. ungdommen meiner er spesielt viktig å få fram i planen</td><td>Randi og Ove<br><br>Forslaget fell oppslutnad, dvs. Inge tek med dette i planen<br><br>Gjerde<br><br>Bjørnar og Even leverer kort innspel og kav som er spesielle utforringar i denne bransjen. Mogstad tek for seg varehandel tilsvarande. Andrea: innspel som repr. ungdommen</td><td>I <u>god tid</u> før neste møte</td></tr>
</table>

# Møtereferat

| Sakslistetema 7– Neste møtestad, innspel til neste møte | | |
|---|---|---|
| 1535:1540 | Inge Bjørdal/alle | |
| Vertskap, neste møte | Bjørdal undersøkjer | |
| Orientering | Vi ønskjer å bruke neste møte til gjennomgang av nmytt SNP-utkast | |
| Gjeremål | Ansvarleg person | Tidsfrist |
| Innkalling med nytt utkast til SNP | Inge | 1 veke før møtet |

Vedlegg:

- Landbruksplan